

og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 26.03.21

Vår ref: 2021/348  
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref: 20/26992-11

Karmøy kommune

## Karmøy, Husøyvegen – utfylling i sjø og brygge 86/82

Viser til brev av 26.02.21, med vedlegg, frå Karmøy kommune om ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Karmøy Fiskarlag.

Det er ikkje registrerte fiskeriinteresser i tilknyting til omsøkte utfyllingsområde.

Fiskarlaget Vest føreset at arbeidet blir gjennomført på ein måte som hindrar mest mogeleg partikkelspreiing og at det er reine massar som blir nytta. Det må setjast inn tilstrekkeleg avbøtande tiltak for å hindre spreiing av forureina massar og hindre at massane glir ut frå fyllingsområdet.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er derfor grunnleggiande avhengig av eit rent og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit rent og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

Med helsing  
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo  
*Dagleg leiar*

Eirin Kongestøl Espeland  
*Rådgjevar*

Kopi pr. mail: Karmøy Fiskarlag  
Statsforvaltaren i Rogaland  
Fiskeridirektoratet region Sør

*Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.*



